



Arkivnr: 2014/354-1

Saksbehandlar: Erlend Iversen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

**Tellevikvegen - gjennomkjøring i rushtida****Samandrag**

Fylkesutvalet bad 31. oktober 2013 om sak om stenging av Tellevikvegen for gjennomkjøring i rushtida, etter modell av Arefjordvegen i Fjell kommune. Bakgrunnen for spørsmålet var handsaming av melding 154/13 i samferdselsutvalet, der det vart gjort greie for at kva slags tiltak som hadde vore vurdert for å redusere gjennomkjøringa i Tellevikvegen. Meldinga konkluderte med at det ikkje fantes enkle tiltak som kunne betre på trafikksituasjonen.

Fylkesrådmannen har på ny vore i dialog med Statens vegvesen, politiet og Bergen kommune, med utgangspunkt i løysinga som er valt for Arefjordvegen. Det er her forbod mot visse svingrørsler i morgen- og ettermiddagsrush. Forbodet gjeld alle trafikantar (også bebruarar i Arefjordvegen), for at det skal vere mogleg å handheve.

Politiet, som skiltstresmakt i Bergen kommune, finn ikkje å kunne gå inn for tidsavgrensa skiltregulering som i Arefjordvegen. Grunngjevinga går på at ei slik løysing vert vurdert som ein eksklusjon av bebruarar langs Tellevikvegen, i tillegg til at det er praktiske problem knytt til fysisk gjennomføring.

Fylkesrådmannen ser det derfor som mest aktuelt at Tellevikvegen må finne si løysing i betre kapasitet på E 39, først i form av Vågsbotn – Hylkje (venta ferdig oktober 2014), deretter gjennom Nyborgtunnelen.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkessjef samferdsel

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.01.2014

I møte i fylkesutvalet 31. oktober 2013 vart det gjort vedtak om følgjande oversendingsforslag:

*«Viser til melding nr. 154/13 til samferdselsutvalet 23.10.2013. Ønskjer å få opp ei sak om stenging av Tellevikvegen for gjennomkjøring i rushtida morgen og kveld, etter same modell som Arefjordsvegen i Fjell kommune.»*

I melding 154/13 til samferdselsutvalet vart det gjort greie for at situasjonen på Fv 243 Tellevikveien ved fleire høve har vore diskutert med Statens vegvesen og politiet, men at det ikkje er funne løysingar ut over det som tidlegare er gjennomført. Følgjande tiltak har vore utgreidd, men ikkje vorte vurdert som aktuelle i samråd med politi og vegvesen (jf. melding 154/13 til samferdselsutvalet 23.10.13):

- Skilte med «Forbudt for motorvogn» med underskilt «Gjelder gjennomkjøring».
- Regulering av strekninga ved hjelp av trafikklys.
- Ombygging/ utviding av vegen.
- Stenging av veg med bussluse.

Basert på desse alternativa vart skiltregulering vurdert som det mest aktuelle tiltaket. Politiet er skiltstyresmakt i Bergen, og saka vart diskutert på møtet 7. oktober 2013. Politiet viste då til at det vil vere særskilt vanskeleg å handheve eit slikt forbod (i praksis dokumentere at trafikantane ikkje har ærend langs Tellevikvegen), og at erfaringar viser at mange trafikantar ikkje respekterer slik skilting. Politiet kunne derfor ikkje stille seg bak eit forslag om forbod mot gjennomkjøring.

### Løysing i Fv 209 Arefjordvegen x Rv 555 Skjergardsvegen (Valenkrysset)

Fylkesutvalet har bede om at det vert vurdert same løysing i Tellevikvegen, som det som er innført i kryss mellom Fv 209 og Rv 555. Løysinga for Arefjordvegen er som følgjer:

- Vestgående trafikk på Rv 555 (frå Sotrabrua) har forbod mot venstresving inn i Arefjordvegen (Valenkrysset). Trafikk til Arefjordvegen må køyre via Straume.
- Trafikk i Arefjordvegen har forbod mot venstresving inn på Rv 555 retning vest (sving mot Straume).

Forbodet mot venstresving er tidsavgrensa, og gjeld kvar dagar i tidsrommet 06:00 – 09:00, og 15:00 – 18:00. Kjernen i forbodet er at det **ikkje er unntak for bebuarar i Arefjordvegen** («kjøring til eigedomane») – forbodet gjeld alle trafikantar, minus buss og utrykkingskøyretøy.

Forbodet er innført som ei mellombels løysing før lysregulering av Valenkrysset kan vere på plass. Lysregulering av Valenkrysset er no til prosjektering i Statens vegvesen.

### Tellevikvegen etter modell av Valenkrysset

Dersom ein skal overføre løysinga i Valenkrysset til Tellevikvegen, vil løysinga bety forbod mot bestemte svingrørsler i eit avgrensa tidsrom. Til dømes følgjande:

- Forbod mot høgresving frå Salhusvegen inn i Tellevikveien. Forbodet vil gjelde alle trafikantar, det vil ikkje vere unntak for bussete langs vegen, berre for buss i rute og utrykkingskøyretøy.  
Merk at det sannsynlegvis må gjerast tiltak for å hindre at trafikken kjører ned i Salhus for å snu og på den måten kunne kjøre lovleg inn i Tellevikvegen.
- Frå Hordviksida kan krysset ikkje regulerast med forbod mot einskilde svingrørsler, då dette og er tilkomstveg for Klauvarinden.

Ei slik regulering vil bety at alle som bur eller har eit ærend i Tellevikvegen om morgonen vil måtte kjøre inn frå Salhussida. Om ettermiddagen vil all trafikk måtte kjøre inn i Tellevikvegen via Hordvik. Såleis vil vegen

alltid vere tilgjengeleg for trafikk til området, men eit slikt tiltak vil samstundes medføre ei betydeleg ulempe, til dømes for trafikk som skal heim til Tellevikvegen om ettermiddagen frå Bergenssida.

Grunnen til at det ikkje er unntak for bebuarar er at politiet viser til at det vil vere særers vanskeleg å handheve eit slikt forbod (i praksis dokumentere at trafikantane ikkje har ærend langs Tellevikvegen), og at erfaringar viser at mange trafikantar ikkje respekterer slik skilting (jf. meld. 154/13 SAMU). Politiet kan derfor ikkje stille seg bak eit forslag til skilting som i praksis ikkje vil bli respektert av trafikantane, samstundes som det heller ikkje kan kontrollerast.

### **Uttale frå politi og Statens vegvesen**

Med utgangspunkt i oversendingsforslaget i fylkesutvalet 31. oktober 2013 har fylkesrådmannen på ny vore i dialog med politi, vegvesen og Bergen kommune.

Politi har gjennomført ei ny konkret vurdering, og kan ikkje kan støtte eit forslag om tidsavgrensa skiltregulering etter modell av Arefjordvegen, som politiet vurderer som ein eksklusjon av bebuarar langs vegen i gitte tidsrom. I eit forsøk på å finne ei løysing har politiet sagt seg villige til å vurdere lysregulering på nytt. Politiet er som kjent skiltstyresmakt for Bergen kommune.

Lysregulering (skyttelsignallys) har derfor vore diskutert på nytt med Statens vegvesen. Vegvesenet understreker at for at eit skyttelsignalanlegg skal fungere, må strekninga ikkje ha (mange) avkøyrslar underveis. Tellevikvegen har over 20 avkøyrslar på den aktuelle strekninga, med eit betydeleg tal bustader knytt til fleire av dei. Desse vil ikkje kunne ha oversikt over om det er sør- eller nordgående trafikk som har grønt til ein kvar tid, og måtte vente på trafikkstraumen og følgje denne. Vidare er det ikkje oppstillingsplass for ventande bilar, spesielt på Salhusida.

Det bør og peikast på at skyttelsignal i praksis vil innebere einvegsregulering av Tellevikvegen. Dette vil kunne ha negativ innverknad på fartsnivået på strekninga.

Avslutningsvis kan det nemnast at dersom vegen vert stengast for gjennomkjøring, vil det ikkje lenger vere naturleg at Tellevikvegen skal ha status som fylkeveg.

### **Trafikktryggleiksvurdering**

Det har ikkje vore mogleg å kome fram til enkle tiltak som kan redusere trafikkpresset på strekninga. Parallelt med vurderingane knytt til Tellevikvegen arbeider Statens vegvesen, Bergen kommune, politiet og Hordaland fylkeskommune med vurdering av trafikksikringstiltak i skuleopptaksområda Mjølkeråen, Salhus og Hordvik. Dei aktuelle skulane og FAU er inkludert i prosessen, og rapporten er venta ferdig tidleg i 2014.

Fv 243 Tellevikvegen inngår i utgreiingsområdet, så langt ligg det heller ikkje her føre konkrete forslag om tiltak i sjølve Tellevikvegen. Ut frå dei registreringar som er gjennomført kan det vere aktuelt med tiltak på Fv 564 Salhusvegen.

Konkret vil dette kunne vere forlenging av dagens strekning med 30 km/t fartsgrense og fartshumper vidare sørover mot idrettsanlegget i Salhus. Eit anna tiltak som er til vurdering er eit forslag om nedsett fartsgrense frå 60 til 50 km/t og fysiske fartsreduserande tiltak knytt til gangfelta på Fv 564 Salhusvegen, frå idrettsanlegget til Støbotn (kryss med Fv 240 Slettestølsvegen).

Det vert streka under at desse tiltaka førebels ikkje er avklart, men at det er sett av midlar på plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet i 2014. Kostnadsoverslag for desse tiltaka er avhengig av omfang.

### **E 39 Vågsbotn – Nordhordlandsbrua**

Ny E 39 Vågsbotn – Hylke er venta ferdig i oktober 2014. Dette inkluderer mellom anna Eikåstunnelen og ny kryssløsing i Vågsbotn. Prosjektet er venta å betre framkomsten på E 39, og vil såleis kunne virke inn på vegvalet til dei trafikantane som i dag vel å køyre Tellevikvegen. Statens vegvesen legg til grunn at dette

vil hjelpe på situasjonen i Tellevikvegen, men at den endelege løysinga (for E 39 og Tellevikvegen) først vil vere på plass i form av Nyborgtunnelen.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Dersom dei skisserte fartsreduserande tiltak i Salhusvegen (basert på trafikktryggleksanalysen) vert gjennomført, vil dette kunne gjøre strekninga noko mindre attraktiv for gjennomkjøring. Tiltaka vil indirekte kunne virke inn på trafikkmengda i Tellevikvegen, men det er ikkje grunnlag for å kunne forvente ein større reduksjon.

Gjennomgangen over har vist at det ikkje finst enkle tiltak som kan redusere trafikkpresset på Tellevikvegen, som til dømes lysregulering eller forbod mot svingrørslar etter modell av Arefjordvegen. Basert på dialogen med Statens vegvesen og politiet ser fylkesrådmannen det som mest aktuelt at Tellevikvegen må finne si løysing i betre kapasitet på E 39, først i form av Vågsbotn – Hylkje, deretter gjennom Nyborgtunnelen.